

# MØTEINNKALLING

---

Utval: **KOMMUNESTYRET**  
Møtestad: **Tingsalen**  
Møtedato: **15.12.2009** Tid: **13:00**

---

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.  
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

## SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr.</b>	<b>Tittel</b>
49/09	09/508	<b>Oppmodning om busetting av flyktningar i 2010</b>
50/09	09/652	<b>Innføring av elektronisk møteavvikling</b>
51/09	09/605	<b>Dispensasjon frå reguleringsplan - byggegrensa til rv 55</b>
53/09	09/646	<b>Honorar eigedomsskattenemnd</b>
54/09	09/661	<b>Sluttrekneskap – fleirbrukshall og del av fellesareal Saften AS</b>
55/09	09/407	<b>Leikanger kraftverk - mandat for nye forhandlingar med Sognekraft AS</b>
56/09	09/579	<b>Regulering av satsar for eigenbetaling i pleie og omsorg for 2010.</b>
57/09	09/623	<b>Regulering av husleigene i kommunale bustader</b>
58/09	09/618	<b>Betalingsatsar i kulturskulen 2010</b>
59/09	09/581	<b>Foreldrebetaling i barnehagane for 2010.</b>
60/09	09/583	<b>Foreldrebetaling i skulefritidsordninga for 2010</b>

- 61/09 09/619  
**Regulering av årsgebyret for vatn**
- 62/09 09/620  
**Regulering av årsgebyret for feiing og tilsyn**
- 63/09 09/622  
**Regulering av årsgebyret for renovasjon**
- 64/09 09/526  
**Økonomiplan 2010 - 2013**
- 65/09 09/664  
**Orienteringar**

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Oppmodning om busetting av flyktningar i 2010

Sakshandsamar: Gunnar Steine  
Arkivsak nr.: 09/508

Arkiv: F30 &73

Sak nr.:	Utval	Møtedato
141/09	Formannskapet	15.12.2009
49/09	Kommunestyret	15.12.2009

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommune vedtek å ta imot inntil 5 flyktningar for busetjing i 2010. Mellom desse bør det vera ein familie, evt. ei gruppe ungdom med tanke på etablering av eit bufellesskap.**

**Ein føresetnad for å kunne ta imot fleire flyktningar er at kommunen kan skaffa til vege høvelege bustader.**

#### DOKUMENT:

- Skriv frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet dat. 21.09.09
- Kommunestyresak 60/08
- Kommunestyresak 17/09

#### SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om å busetja inntil 15 nye flyktningar i 2010. Familiegjennforeining kjem i tillegg.

#### Bakgrunn

Nasjonalt utval for busetjing av flyktningar har for 2010 vurdert trongen for busetjing til 10.000 flyktningar. 1.600 av desse er einslege barn og unge under 18 år. Dei fleste kjem frå Eritrea, Afghanistan, dei palestinske områda og Somalia.

#### Erfaringar så langt

Kommunestyret har tidlegare i sak 60/08 og sak 17/09 vedteke å busetja inntil 10 personar i 2009/2010. Dei første flyktningane kom i august i år og innan desember månad er alle 10 busette i Leikanger. Det er 6 vaksne damer og 4 barn, alle frå Eritrea. Det er søkt familiegjennforeining for 5 barn i tillegg. Desse vil kunne kome i løpet av 2010.

Samtlege er busett i kommunale bustader fordelt på 3 hus i Hovdavegen og 1 i Lundene. Det er forsøkt å finna husvære på den private marknaden utan at dette har lukkast til no.

Erfaringane frå busetjinga så langt er positive. Barna går i skule eller barnehage, og dei vaksne deltek i introduksjonsprogrammet. Kommunen kjøper tenesta som går på norskopplæring frå Sogndal kommune. Kommunen gjev språkpraksisplass ved sjukeheimen og i barnehage. Prosessen med å finna seg til rette i bygda ser så langt ut til å gå bra.

I samband med det tidlegare vedtaket om å ta imot flyktningar i 2009/10, vart det oppretta ei 60% stilling for flyktningkonsulent i kombinasjon med ei statleg styrking på Nav-kontoret med 20% stilling.

Staten sine tilskotsordningar til kommunane er stort sett som tidlegare gjort greie for i sak 60/08, men satsane er noko oppjustert. Tilskota vert utbetalt per person over ein periode på 5 år. Tilskota skal i utgangspunktet dekkja alle kommunen sine kostnader med å busetja flyktningane.

### **Spørsmål om busetjing av fleire flyktningar**

Den største utfordringa ved å busetja fleire flyktningar er det å skaffe bustad. Me har no stort sett brukt dei kommunale bustadane som er tilgjengeleg. Skal ein busetja fleire må me rekna med å løysa bustadtrongen på den private marknaden. Dette har til no ikkje synt seg å vera lett. Eit alternativ kan og vera å byggja kommunal bustad, men det vil ta noko tid. Det absolutte fleirtalet av flyktningane er einslege, og einslege med barn. Dette inneber at me må ha etter måten mange husvære. Ordningar med bukollektiv kan nyttast, men har sine utfordringar ved at ikkje alle nødvendigvis går godt ilag. For ungdom kan bukollektiv med tilsett miljøpersonale vera ei god løysing.

Ei anna utfordring ved busetjing av flyktningar i Leikanger er det å skaffa høveleg arbeid etter gjennomført introduksjonsprogram. Resultatet kan då bli at mange vil flytta til andre kommunar etter kvart.

Dei administrative ressursane som alt er sett av i kommunen er tilstrekkeleg for å kunne ta imot eit mindre tal nye flyktningar i 2010.

### **Konklusjon**

Rådmann vil, ut ifrå det store påtrykket som er overfor kommunane, tilrå at kommunen er positiv til å busetja fleire flyktningar. I tillegg til dei som kommunen alt har busett, burde det vera mogeleg å ta imot 5-10 nye flyktningar for busetjing i 2010. Kanskje det i første omgang vil vera fornuftig å setja talet til 5, for så evt. å kunne auka talet seinare dersom tilhøva ligg til rette for det.

I dette talet bør det vera ein familie eller evt. ei gruppe av ungdom med tanke på busetjing i eit bufellesskap.

Ein føresetnad for å kunne ta imot fleire flyktningar er at ein har høveleg bustad/bustader.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Innføring av elektronisk møteavvikling

---

Sakshandsamar: Nina-Helen Flatebø  
Arkivsak nr.: 09/652

Arkiv: 062 &17

---

Sak nr.:	Utval	Møtedato
142/09	Formannskapet	15.12.2009
50/09	Kommunestyret	15.12.2009

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommune vedtek at det blir innført elektronisk møteavvikling frå januar 2010.**

- 1. Ordninga blir i fyrste omgang innført som ei prøveordning. Kommunestyret føreset at ordninga blir evaluert etter 1 års prøvetid.**
- 2. Medlemmene av kommunestyret får godtgjort kr 2 500,- pr. år for bruk av egne private pc-ar.**
- 3. Kommunen stiller pc til disposisjon for dei som ikkje kan nytte eigen maskinvare.**

#### DOKUMENT:

#### SAKSUTGREIING:

Møtesekretær brukar mykje tid på å kopiere opp og organisere møtepapir til politiske utval. Dersom me går over til elektronisk møteavvikling vil me kunne sjå dette som eit effektiviseringsiltak i samanheng med den utarbeidde tjenesteanalysen, der ein sparar tid som kan nyttast til andre administrative oppgåver. I tillegg vil me kunne sjå innsparing på papir, kopiering og portoutgifter.

For medlemmene vil det blant anna verte mindre papir å halde styr på, sakspapira vil vere lett tilgjengeleg alle stader og ein vil få effektiv og rask levering.

Mindre distribusjon av papir vil også vere eit positivt miljøtiltak.

Kommunen har no fått lagt inn trådløst nett som fungerer i alle rom.

Dei fleste er i dag kjende med datamaskina og kan lett finne fram til sakspapira som vert lagt ut på heimesida og eventuelt sendt som vedlegg til e-post. På bakgrunn av at ein kjenner ofte si eiga maskin best, vert det mest praktisk og ynskjeleg frå kommunen si side at medlemmene stiller med egne private pc-ar mot ein kompensasjon på kr 2 500,- pr. år. Kommunen vil føreta innkjøp av pc-ar til dette føremålet om nokon ikkje har eller kan nytte eigen pc.

Om det likevel er ynskjeleg med utskrift kan ein få kopipapir på kommunen eller ein kan bestille utskrift i serviceekspedisjonen.

Omlagging til elektronisk møteavvikling vil også vere i tråd med utviklinga der me på sikt skal bli fullelektroniske innafor arkiv.

Fleire nabokommunar har allerede innført ei slik ordning med positive tilbakemeldingar frå brukarane.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Dispensasjon frå reguleringsplan - byggegrensa til rv 55

---

Sakshandsamar: Ervin Johan Beheim  
Arkivsak nr.: 09/605

---

Arkiv: MTR 17/71

**Sak nr.:** Utval  
51/09 Kommunestyret

**Møtedato**  
15.12.2009

#### TILRÅDING:

**Kommunestyret gir dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplan for Hermansverk sentrum for oppføring av tilbygg til forretning 13 m frå vegmidte i rv 55 på gnr.17 bnr.71.**

#### DOKUMENT:

- Reguleringsplan for Hermansverk sentrum
- Brev av 13.11.09 frå Statens vegvesen.
- Situasjonsplan korrigert 15.11.09 (vedlagt)
- Fasadeteikningar (vedlagt)

#### SAKSUTGREIING:

Saka gjeld utbygging av Prixbutikken. Det skal byggjast ny inngang/vindfang med kaffekrok på om lag 30m<sup>2</sup> mot riksvegen. Vidare skal det byggjast nytt varemottak mot fjorden på 153m<sup>2</sup> i heile bygget si lengde. Denne delen innheld òg nytt kontor, matrom, garderobe og toalett for tilsette. Eksisterande varemottak blir ombygd til kjøll/ lager på om lag 60m<sup>2</sup>. Samla utbygging vert om lag 243 m<sup>2</sup>.

Arkitektkontoret 4B v/ Guri Fonsdal, Sogndal, har som ansvarleg søkar, tiltakshavar er Ola Grønset, Kristiansund N, søkt om rammeløyve for byggsaka.

Søknaden må behandlast som dispensasjonssak på grunn av avstand til riksveg. Eigedommen er med i reguleringsplan frå 1981. Reguleringsplan har byggegrense 16m til vegmidte, med utviding av ny inngang/vindfang med kaffekrok blir denne avstand no 13m. Statens vegvesen har ikkje merknad til ny avstand til vegmidte.

Kommunestyret vedtok i sak 31/09 i møte 25.06.09 i samband med delering etter ny Plan- og bygningslov at alle dispensasjonar skal handsamast av kommunestyret. Tidlegare var dette mynde delegert til formannskapet.

Ansvarleg søkar har sendt ut nabovarsel. Det er innkomme å klage frå AS Gunnar Olsmo. Ved utsendelse av nabovarsel var situasjonsplan vedlagt. Denne viste at det ved innrygging til varemottak ville lastebil komma inn på AS Gunnar Olsmo sin eigedom.

Arkitektkontoret 4B har laga ny situasjonsplan som er oversendt AS Gunnar Olsmo.

Situasjonsplan viser no at varelevering kan foregå utan å komma inn på AS Gunnar Olsmo sin eigedom. AS Gunnar Olsmo har i ny klage sagt at ingen ting er endra og vil ikkje akseptera dette utan skriftlege avtalar. Dette er privatrettslege forhold som ikkje vedkjem godkjenninga av byggesaka i kommunen.

Mot sjøen vil det bli bygd ny støttemur/ bølgebrytar med parkeringsplassar. Dette prosjektet vil det komma eigen søknad om over nyttår.

***Rådmannen si vurdering:***

Rådmannen sluttar seg til vegvesenet sine vurderingar når det gjeld byggegrensa mot rv 55.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Honorar eigedomsskattenemnd

---

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge  
 Arkivsak nr.: 09/646

---

Arkiv: 223

Sak nr.:	Utval	Møtedato
143/09	Formannskapet	15.12.2009
53/09	Kommunestyret	15.12.2009

### TILRÅDING:

**Medlemer i skattetakstnemnda får i tillegg til godtgjersle for tapt arbeidsforteneste, utbetalt kr. 200,- pr time.**

### DOKUMENT:

- Reglement for godtgjersle til folkevalde. (Ikkje vedlagt)
- Vedtekter for skattetakstar over faste eigedomar i Leikanger kommune, vedteke 05.02.09. (Ikkje vedlagt)
- Vedtak i sak 09/49-1 av 05.02.209 (Ikkje vedlagt)
- Lov om eigedomsskatt i kommunane. Byskattelova. (Ikkje vedlagt)

### SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har tidlegare gjort vedtak om at det skal føretakast omtaksering av alle eigedomar innafor definerte takstområde.

Til å føreta verdsetjing av faste eigedomar i Leikanger kommune, har kommunestyret i samsvar med lovkrav, valgt ei skattetakstnemnd.

Det er vidare eit lovkrav at alle eigedomar skal synfarast før nemnda fastset takst. Til diverse forarbeid og gjennomføring av synfaring, har det i 2009 gått med ca. 100t x3.

I tillegg til den kommunale takstnemnda, har ein søkt rettleing hjå sakkunnige får å vurdere bygningstekniske, industrielle, maskintekniske eller andre spesielle område.

Til vurdering av næringseigdomar er det sett ein pris på kr. 2.400,- pr.takst. Taksering av tele- og linjenett vert utført av Hydrologiservice. Får rekning på medgått tid.

Kommunestyret vedtok i feb.-09 nytt reglement for godtgjersle til folkevalde.

Skattetakstnemnda er ikkje nemnt med namn og ein ser vidare at omfanget av taksringsarbeidet ikkje fell inn under §7 eller 8 i reglementet.

Rådmann ser at kommunen har fått gjennomført taskeringsarbeidet på ein svært rasjonell og god måte og rår til at eigedomskattenemnda i tillegg til godtgjersle for tapt arbeidforteneste, får ei godtgjersle på pr. time for medgått tid. Likt for møte og takseringsarbeid.

Rådmann føreslår difor at nemnda får godtgjort med kr.200,- pr. time. Dette skal då og inkludere bruk av eigen bil samt andre kostnader i samband med takseringsarbeidet.

Til opplysning kan det nemnast at leiar skattetakstnemnda får ikkje utbetalt fast årleg honorar

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### SLUTTREKNESKAP - FLEIRBRUKSHALL OG DEL AV FELLESAREAL SAFTEN AS

---

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad	Arkiv: 614
Arkivsak nr.: 09/661	

---

Sak nr.:	Utval	Møtedato
139/09	Formannskapet	15.12.2009
54/09	Kommunestyret	15.12.2009

#### TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre vedtek at meirkostnader utover bokførte og omsøkte inntekter i tidlegare finansieringsplan, kr 8 000 000, blir finansiert slik:

Overføring frå drift, refundert meirverdiavgift	kr 4 500 000
Bruk av kraftfond	kr 2 500 000
Låneopptak, eksternt lån	<u>kr 1 300 000</u>
<b>Sum</b>	<b>kr 8 300 000</b>

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre låneopptak og godkjenne lånevilkåra.

Kommunestyret føreset at det blir gjennomført forhandlingar med øvrige eigarar av bygget vedk fordeling av byggekostnader knytt til tekniske rom, endra spennkonstruksjon halldekke, varmepumpe og treningsrom.

#### DOKUMENT:

- Oppstilling og samandrag sluttrekneskap dat 8.12.2009 (vedl)
- Asplanviak ”Notat sluttoppgjer 02 – Fleirbrukshallen”, dat 8.12.2009 (vedl)
- Stadfesting sluttoppgjer AT, dat 08.12.2009 (vedl)
- Hallnemnda, sluttrapport dat 08.12.09 (vedl)

#### SAKSUTGREIING:

##### Innleiing

Leikanger kommune sin fleirbrukshall og del av fellesarealet i Saften AS er nå ferdigstilt. Ferdigsynfaringa var arrangert 24 november 2009. Den formelle overtakinga av fleirbrukshallen er fastsett til måndag 14 desember 2009.

Den endelege sluttregneskapen for byggeprosjektet samla syner eit avvik i høve opprinneleg finansiering på kr 6 595 393 eks mva. Inkludert mva er avviket på kr 8.288 352,-.

Her lagt inn kr 300.000 som uforutsett grunna varsla krav frå Saften AS vedk prosjektering m.m

Det samla avviket fordeler seg på fleirbrukshallen, kommunen sin del av fellesarealet i Saften AS og utanomhusarbeid.

Av det samla avviket skriv 2,5 mill kr seg frå Saften AS sin endring av kostnadsplanen for fellesarealet attende til nov/des 2008.

Byggenemnda vedtok på same tid å justere kostnads- og finansieringsplanen for fleirbrukshallen med 7,8 mill på grunn av endra behov for utvida areal til tekniske rom, møte-/klasserom, klatrevegg, tilpasning av hallarealet og utstyr for kulturføremål. Endringane var føresett dekkja ved oppsjonar i opprinneleg kontrakt, bruk av ufoursettposten ,3,7 mill, og nye spelemidlar.

Kommunestyret vart orientert om endringane i møte 11.12.2008 men valde å avvente oppfinansiering av nemnde avvik på kr 2,5 mill til etter ferdigstilling som skulle skje innan 01.04.2009

Slik sluttregneskapen nå føreligg er rådmannen den fyrste til å innrømme at avviket er alt for stort i høve føresetnadene i opprinneleg kontrakt med nemnde endringar.

Ein vil likevel få trekke fram nokre grunnar som årsak til resultatet.

### **Byggeprosjekt og framdrift**

Kommunestyret vedtok oppstart av byggeprosjektet i slutten av august 2007. Der var lagt til grunn ei byggetid på om lag 1 år. Byggeprosjektet vart tufta som eit samarbeidprosjekt med Saften AS. Saften skulle stå for forretnings- og næringsdelen inkludert fellesareala.

Planløysinga for fleirbrukshallen var langt på veg klare før byggestart. Nærings, forretningsdelen og fellesareala synte seg å vera langt mindre planlagt. Følgjene vart at planane for desse areala måtte gjennom mange vesentlege endringar og tilpasningar undervegs. Dette på grunn av utfordringar ein møtte med å skulle bygge om ein gamal fabrikkbygning og at lokala måtte tilpassast leigetakarane etter kvart som avtalene med leigetakarar kom på plass. I fyrste delen av byggefasen møtte ein også utfordringar med å koordinere ulike anbudsoppdrag som gjekk parallelt.

Sommaren 2008 møtte Saften AS ei ekstra utfordring i høve auka kostnader og finansiering. Når løysinga fyrst kom på plass i nov/des 2008 medførte dette ei vesentleg forskyving av framdriftsplanen frå nov 2008 til 1.4.2009.

Neste dato for ferdigstilling og framlegging av rekneskap vart sett til 15.08.09.

Som kjent vart byggeprosjektet ferdigstilt i slutten av november 2009.

Den ytterlegare forseinkinga skuldast planlegging og samordning av dei ulike byggefunksjonane i spennet mellom Saften AS og kommunen sine behov.

### **Anbudsgrunnlag og finansiering**

Prosjektet var lyst ut i som totalentreprise. Det vart innlevert to anbod med svært store prisdifferansar. Valet av anbod vart gjort på grunnlag av tilråding frå AsplanViak.

Som del av finansieringa vart det lagt inn kr 3 mill eks mva til uforutsette kostnader. Det utgjorde ca 10% av kostnadene.

Anbodet med tilhøyrande avtaledokument var basert på fast pris i byggeperioden.

I ettertid må det innrømmast at det vart teke altfor liten høgde for uforutsette kostnader i prosjektet. Spesielt på grunn av at ein her skulle bygge om ein gamal og nedsliten fabrikk-

bygning. Det synt seg også tidleg at byggearbeida møtte utfordringar og nødvendige tilpasningar som ein ikke var kjent med i forkant.

For liknande prosjekt blir uforutsettposten lagt inn med 20 – 30%.

Som presisert i Asplanviak sitt sluttnotat til sluttoppgjeret er det nå lagt til grunn ein kompensasjon for prisauke med 1,2 mill kr for fleirbrukshallen. Herav var kr 745.000,- varsla i oktober 2008 men ikkje lagt inn i faktureringsplanen. Entreprenør valde i det lengste å avvente iverksetting av varslet om prisstigning inntil endeleg sluttoppgjere i desember 2009.

### **Organisering og planlegging**

Oppfølginga av byggeprosjektet vart organisert med felles byggeleiar for fleirbrukshallen og Saften AS. Det vart vidare oppnemnt byggenemnd med eige mandat.

Rådmannen syner til vedl sluttrapport frå byggenemnda utan nærare kommentar.

Sett frå rådmannen sin ståstad har dette vori eit særdeles krevjande prosjekt der største delen av ”vegen skulle byggast medan vegen vart gått”. Som nemnt ovafor knyter denne problemstillinga seg til Saften AS sitt areal.

Rådmannen er likevel trygg på at skulle det vori stilt krav om meir detaljerte planar og prosjektering allereie frå starten, hadde ikkje Saften-bygget stått der slik som i dag.

Investorane som gjekk inn i prosjektet synt vilje til å ta ein stor økonomisk risiko med oppstart før andre leigetakarar og kjøparar av areal utanom Kiwi var på plass.

Under heile byggeprosessen har ein opplevd eit evig forsøk på å finne løysingar både innad i Saften og fellesfunksjonane med kommunen der haldinga har vori ”at dette må vi få til”.

Rådmannen er også kjent med at entreprenør og byggeleiinga møtte stadige utfordringar i høve prioritering av framdrift mellom dei ulike seksjonane under heile byggeperioden.

I dette bakteppet ligg også noko av forklaringa på hallnemnda sine merknader om manglande informasjon undervegs.

Det må likevel innrømmast at endring av byggtekniske løysningar og bestilling av oppdrag skulle vori følgt opp og dokumentert på ein fastare måte.

### **Sluttrekneskapan**

Med tilrådinga legg rådmannen opp til at Leikanger kommune finansierer opp samtlege kostnader både med fleirbrukshallen og kommunen sin del av fellesareala.

I dette ligg at kommunen har stilt eit større areal til diposisjon for tekniske anlegg i 4 etg og forskotert dei bygningsmessige kostnadene med dette.

I etterkant bør desse kostnadene fordelast mellom eigarane i bygget.

Treningsrommet i 3 etg vart bygt som følgje av lange spenn i halldekket. Spennet kunne avgense bruken av hallen til enklte aktivitetar i høve areala under. Såleis burde kommunen fått refundert ein del av kostnadene med treningsrommet. Rådmannen meiner kommunen bør gjera ei nærare vurdering om ein likevel skal innestå for kostnadene og såleis stå som eigar av rommet i ettertid.

Som det framgår av Asplan viak sitt sluttnotat er det også stilt krav om at grunnprisen på installasjonen av varmpumpe i det tekniske anlegget, kr 980 000, blir fordelt mellom eigarane i bygget.

Rådmannen syner til vedlagt oversikt på korleis kostnadene fordeler seg på dei ulike areala. Fellesareala syner ein sluttsum på om lag kr 7,5 mill og fleirbrukshallen kr 29,8 mill.

Her inkludert utandørsanlegg der kostnaden, om lag 1 mill, ligg på opparbeiding av køyreveg i staden for montering av gitterrampe som rømningsveg og tranport av utstyr til kultursalen. Som del av finansieringsopplegget er lagt til grunn at kommunen får utbetalt omsøkte tippemidlar og andre tilskot med kr 2,1 mill kr. Søknadene er godkjent, men tilsagn ennå ikkje gjeve/utbetalt.

Pga forseinkingar kom største delen av byggearbeida i 2009. Av samla byggekostnad utgjør refundert meirverdiavgift om lag 4,8 mill kr. Merverdiavgifta er ikkje innrekna i kommunen sitt budsjett i 2009 verken på drifts- eller investeringssida.

Rådmannen vil tilrå at 4 mill kr av meriverdiavgifta blir lagt inn som del av finansieringsopplegget for bygget.

Til sjølv sluttoppgjeret vil rådmannen innrømme at oversikta og oppgjeret kjem alt for seint. Arbeidet med å få framlagt oversikta har vori tung og krevjande. Frå oktober 2009 vart Asplan viak engasjert med å forestå byggeleinga med ferdigstilling av samtlege byggearbeid og bistand med framskaffing av byggerekneskapen.

Endeleg oversikt kunne leggest fram 08.12.2009. Samstundes vart det inngått skriftleg avtale med entreprenør om at dette var endeleg.

Av Asplan viak sitt sluttnotat, jfr pkt 3, framgår at det prissett ulike tilleggsarbeid tilsvarande kr 2 230 000 som ikkje er innrekna i sluttoppgjeret og framstår som rabatt/reduksjonar.

#### **Avsluttande merknad:**

Avvik i høve finansieringsplan og ferdigstilling er alt for stort. Rådmannen har prøvd å gje ei nærare forklaring på årsakene til dette.

Rådmannen føler behov for å supplere med nokre positive sider med byggeprosjektet.

- Saman med Saften AS har Leikanger kommune fått realisert eit nytt og flott sentrumsbygg med varierte funksjonar. Tilbakemeldinga og oppslutnaden om bygget har vori udelt positive sidan det vart teke i bruk.
- Sentrumsbygget har sikra alternative og nye lokale til forretningar som måtte flytte ut av Aarskogbygget. Sogn avis som største private verksemd i kommunen valde Leikanger som framtidig etableringsstad. Nye forretningar er etablert truleg som følge av sentrumsbygget.
- Bygget rommar om lag 800 –1000 kvm reserveareal øyremerka nye etableringar i framtida. Investeringane som er gjort vil fungere som ei driv-kraft i å få nye verksemder på plass.
- Leikanger kommune har fått bygt ein topp moderne fleirbrukshall utstyrt for kulturelle aktivitetar. Bygget er tidsmessig med tekniske anlegg for styring og gjenbruk av energi. Standard på materialval bør sikre mindre vedlikehald i ettertid.
- Heile sentrumsbygget er realisert med ein gjennomsnittleg byggepris på 10 – 11.000 pr kvm. Jfr Asplan viak kjem samanliknelege byggeprosjekt ut med minimum kr 15.000 pr kvm.

Sentrumsbygget har eliminert problema Leikanger ville fått med ein gamal og fråflytta fabrikkbygning midt i sentrum.

Bygget har også uløyst opparbeiding og fornying av sentrumsområdet.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Leikanger kraftverk - mandat for nye forhandlinger med Sognekraft AS

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 09/407

---

Arkiv: 040 &58

**Sak nr.:** Utval  
55/09 Kommunestyret

**Møtedato**  
15.12.2009

#### TILRÅDING:

**Kommunestyret stadfestar at gjeldande utbyggingsavtale står ved lag og godkjenner fylgjande mandat for vidare forhandlinger med Sognekraft AS:**

- 1. Betre involvering/informasjon i kommunen i plan- og utbyggingsprosessen med omsyn til utbyggingsløyser og etterbruken.**
- 2. Sikra vassforsyninga på ein betre måte.**
- 3. Sikra tilstrekkeleg restvassføring i Henjaelva.**
- 4. Auka økonomisk kompensasjonen til kommunen**

#### DOKUMENT:

- Vedtak i K-sak K-39/09
- Brev av 07.10.09 frå Advokatfirma Thommessen AS på vegne av Sognekraft AS (tidlegare utsendt)
- Brev 18.11.09 frå Fylkesmannen ( tidlegare utsendt)
- Referat frå møte i forhandlingsutvalet 01.12.09 (vedlagt)

#### SAKSUTGREIING:

Forhandlingsutvalet har i møte 01.12.09 komme med framlegg til mandat for forhandlingane.

Rådmannen legg framlegget inn som tilråding i saka.

Advokatfirma Thomessen AS har i brev av 07.10.09 oppfordra kommunen om stadfesting av at den underskrivne utbyggingsavtalen står ved lag. Rådmannen oppfatar det slik at forhandlingsutvalet ser føre seg innhaldet i dei nye forhandlingane eventuelt vil framstå som eit tillegg til gjeldande avtale.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Regulering av satsar for eigenbetaling i pleie og omsorg for 2010.

---

Sakshandsamar: Gunnar Steine  
Arkivsak nr.: 09/579

---

Arkiv: 231

Sak nr.:	Utval	Møtedato
128/09	Formannskapet	01.12.2009
56/09	Kommunestyret	15.12.2009

Formannskapet sitt VEDTAK lyder slik, samr:

#### 1. Fastsetjing av kurdøgnpris

Kurdøgnsprisen ved Leikanger sjukeheim vert for 2010 fastsett til kr. 1.904,-

#### 2. Vederlag for opphald på Leikanger sjukeheim

##### **Korttidsopphald og dag/nattopphald:**

Betaling for korttidsopphald og dag/nattopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet. Disse satsane er per dato inntil kr. 121,- per døgn for korttidsopphald og inntil kr. 61,- per dag/nattopphald. Kommunen nyttar seg av maksimalprisane fastsett i forskrifta.

##### **Langtidsopphald:**

Betaling for langtidsopphald vert fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. fastsett av Helsedepartementet.

#### 3. Husleige i trygde- og omsorgsbustader:

Husleiga vert auka med 3% frå 2009 til 2010.

Månadsleiga for 5 bustader i Lundene, 3 store bustader i Leitevegen og 4 omsorgsbustader vert kr. 3.718,-.

Månadsleiga for 3 små bustader i Leitevegen vert kr. 3.022,-

#### 4. Leige av tryggleiksalarm:

a) Leikanger kommune sluttar seg til framlegg frå representantskapen i Alarmsentralen for Sogn og Fjordane IKS i sak 08/07 om tillegg til selskapsavtalen

slik: §5 – Formål og ansvarsområde: Vere kommunane sin mottakssentral for automatiske tryggleiksalarmar ved kjøp av denne tenesta.

b) Gjeldande månadsleige vert auka med 6% frå 2009 til 2010.  
Månadsleiga for 2010 vert sett til kr. 193,-

#### 5. Satsar for kjøp av mat / matombringning frå sjukeheimen:

Satsane vert auka med 20% frå 2009 til 2010 og vert fastsett til:

Kjøp av middag: kr. 75,-  
Kjøp av frukost/kvelds: kr. 32,-

#### 6. Regulering av satsar for heimebasert omsorg:

Satsane vert auka med 10% med unnatak for dei med inntekt inntil 2G. Her vert abonnementsprisen sett til kr. 155 for 5 timar/mnd og meir. Timeprisen for færre timar vert auka frå 30 til 38.

Inntil 2G	Kr 155,-	i abonnement	kr 38,-	pr. time t.o.m. 4t/mnd.
2G-3G	Kr 720,-	"	kr 80,-	" 9 t / mnd.
3G-4G	Kr 1.233,-	"	kr 137,-	"
4G-5G	Kr 1.638,-	"	kr 182,-	"
5G-6G	Kr 1.845,-	"	kr 205,-	"
Over 6G	Kr 2.052,-	"	kr 228,-	"

For vaktmeistertjenester som ikkje vert omfatta av forskrifta om eigenbetaling aukar vederlaget frå kr 104,- pr. time til kr. 120,-

### TILRÅDING:

#### 1. Fastsetjing av kurdøgnspris

Kurdøgnsprisen ved Leikanger sjukeheim vert for 2010 fastsett til kr. 1.904,-

#### 2. Vederlag for opphald på Leikanger sjukeheim

##### **Korttidsopphald og dag/nattopphald:**

Betaling for korttidsopphald og dag/nattopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet. Desse satsane er per dato inntil kr. 121,- per døgn for korttidsopphald og inntil kr. 61,- per dag/nattopphald. Kommunen nyttar seg av maksimalprisane fastsett i forskrifta.

##### **Langtidsopphald:**

Betaling for langtidsopphald vert fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. fastsett av Helsedepartementet.

#### 3. Husleige i trygde- og omsorgsbustader:

Husleiga vert auka med 3% frå 2009 til 2010.

Månadsleiga for 5 bustader i Lundene, 3 store bustader i Leitevegen og 4 omsorgsbustader vert kr. 3.718,-.

Månadsleiga for 3 små bustader i Leitevegen vert kr. 3.022,-

#### 4. Leige av tryggleiksalarm:

a) Leikanger kommune sluttar seg til framlegg frå representantskapen i Alarmsentralen for Sogn og Fjordane IKS i sak 08/07 om tillegg til selskapsavtalen

slik: §5 – Formål og ansvarsområde: Vere kommunane sin mottakssentral for automatiske tryggleiksalarmar ved kjøp av denne tenesta.

b) Gjeldande månadsleige vert auka med 6% frå 2009 til 2010.

Månadsleiga for 2010 vert sett til kr. 193,-

#### 5. Satsar for kjøp av mat / matombringing frå sjukeheimen:

Satsane vert auka med 20% frå 2009 til 2010 og vert fastsett til:

Kjøp av middag: kr. 75,-

Kjøp av frukost/kvelds: kr. 32,-

#### 6. Regulering av satsar for heimebasert omsorg:

Satsane vert auka med 10% med unnatak for dei med inntekt inntil 2G. Her vert abonnementsprisen sett til kr. 155 for 5 timar/mnd og meir. Timeprisen for færre timar vert auka frå 30 til 38.

Inntil 2G	Kr 155,- i abonnement	kr 38,- pr. time t.o.m. 4t/mnd.
2G-3G	Kr 720,- ”	kr 80,- ” 9 t / mnd.
3G-4G	Kr 1.233,- ”	kr 137,- ”
4G-5G	Kr 1.638,- ”	kr 182,- ”
5G-6G	Kr 1.845,- ”	kr 205,- ”
Over 6G	Kr 2.052,- ”	kr 228,- ”

For vaktmeistertjenester som ikkje vert omfatta av forskrifta om eigenbetaling aukar vederlaget frå kr 104,- pr. time til kr. 120,-

#### **DOKUMENT:**

- Gjeldande satsar for 2009
- Skriv frå Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS dat. 05.11.09

#### **SAKSUTGREIING:**

**1. kurdøgnspris ved sjukeheimen.**

I samband med fastsetjing av betalingssettar for pleie- og omsorgstenesta skal kommunen kvart år i samband med budsjettvedtaket fastsetja kurdøgnsprisen på sjukeheimen. Krav om eigenbetaling kan aldri overstiga denne satsen.

Kurdøgnsprisen vert utrekna ved å dividera netto driftsutgifter på tal godkjende plassar i institusjonen. Inntekter frå eigenbetaling vert halde utanfor.

Med utgangspunkt i budsjettframlegget for 2010 og med 29 plassar, vert kurdøgnsprisen i samsvar med retningslinene fastsett til kr. 1.904,-

**2. Vederlag for opphald på Leikanger sjukeheim.**Korttidsopphald og dag/natt- opphald

Betaling for korttidsopphald og dag/nattopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet. Desse satsane har i ei årrekke lege fast med kr 118,- pr. døgn for korttidsopphald og inntil kr 59,- pr. dag/natt opphald. Departementet heva satsane for det kommunane kan ta i betaling til kr. 121,- og kr. 61,- med verknad frå 2009.

I 2009 har ein ved blå avdeling planlagd for 2 korttids plassar og 2 langtids plassar. Som eit innsparingstiltak for 2010 er blå avdeling gjort om til ein rein korttidsavdeling. Talet på langtids plassar vert då redusert med 2, samtidig som talet korttids plassar vert auka med 2. Dette inneber auka betaling frå pensjonærar som betalar for korttidsopphald med om lag kr. 80.000,- medan inntektene frå pensjonærar som betalar for langtidsopphald vert redusert med om lag kr. 250.000,-

Langtidsopphald:

Betaling for langtidsopphald blir fastsett og regulert i tråd med forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v. frå Helsedepartementet. Ved utrekning av eigenbetaling for langtidsopphald skal ikkje vederlaget overstige dei reelle opphaldsutgiftene. I følge forskrifta kan det krevjast 75% av inntekter svarande til grunnbeløpet i folketrygda fråtrekt eit fribeløp, som blir fastsett av Kongen. Betalinga skal avgrensast slik at den einskilde bebuar har att minst 25% av grunnbeløpet i folketrygda i tillegg til fordelten av fribeløpet. Av inntekter utover grunnbeløpet i folketrygda kan det krevjast inntil 85%. Leikanger sjukeheim fastset eigenbetaling for langtidsopphald etter denne forskrifta.

**3. Regulering av husleige i trygde- og omsorgsbustader.**

Husleigene vart auka med 4% ved siste årsskiftet og er for 2009 slik:

Månadsleiga for 5 bustader i Lundene, 3 store bustader i Leitevegen og 4 omsorgsbustader vert kr. 3.610,-.

Månadsleiga for 3 små bustader i Leitevegen vert kr. 2.934,-

Rådmann gjer framlegg om at husleigene for 2010 vert auka med 3%

Månadsleiga for 5 bustader i Lundene, 3 store bustader i Leitevegen og 4 omsorgsbustader vert kr. 3.718,-.

Månadsleiga for 3 små bustader i Leitevegen vert kr. 3.022,-

#### 4. Regulering av leige for tryggleiksalarmar.

Når det gjeld ordninga med tryggleiksalarmar er Leikanger kommune knytt opp mot Alarmsentralen Sogn og Fjordane, som kommunen er deleigar av gjennom ein eigen selskapsavtale.

For å betra økonomien ved sentralen vert kommunane no oppmoda om å slutta seg til ei utviding av selskapsavtalen som inneber at kommunane i tillegg til å ha felles naudmeldingssentral for brann, også forpliktar seg til å nytta Alarmsentralen for kommunale tryggleiksalarmar.

I og med at Leikanger kommune alt i praksis er knytt opp mot Alarmsentralen på dette området, og har gode erfaringar med det, tilrår rådmann at kommunen formelt sluttar seg til den føreslagne utvidinga av avtalen.

Det er pr. dato utplassert over 50 tryggleiksalarmar. Leikanger kommune v/ pleie og omsorgsavdelinga leiger inn tryggleiksalarmar for igjen å leige desse ut til heimebuande brukarar. Leigeprisen ut i 2009 er kr. 182,- per måned, ein auke på 4% frå året før.

	Budsjett 2009	Stipulert 2009
Kostnad med innleige av alarmar	80.000	91.000
Inntekt frå utleige av alarmar	100.000	100.000

Utgangspunktet må vera at denne tenesta er sjølvfinansierende, dvs. at ein tek seg betalt for dei faktiske utgiftene kommunen har. Kommunen sine utgifter er kostnader med innleige. I tillegg har kommunen utgifter til montering og vedlikehald/batteriskift. Dersom ein set denne kostnaden til 1 times arbeid med tillegg for køyreutgifter vil ein få eit tillegg på om lag kr. 240,- per år per alarm. Utligna per måned utgjør dette kr. 20,-

Dersom ein legg til grunn at kostnaden for innleige aukar med 3% frå 2009 til 2010 vert denne om lag kr. 94.000,- Med tillegg for kommunen sine andre kostnader med ordninga på kr. 12.000,- ( 240 x 50 på kr. 12.000,-) vert dei samla kostnadene kr.106.000,- , ein auke på 6%

Rådmann gjer med bakgrunn i dette framlegg om ein auke i leigeprisen med 6% til ny sats kr. 193,- for 2010.

#### 5. Regulering av matprisar/matombringning.

Kjøkkenet på sjukeheimen gir tilbod til heimebuande eldre om kjøp av måltid på sjukeheimen eller bringing av middag heim. Det vert levert middag til om lag 30 heimebuande personar. Prisen er den same for dei som får middagen bringa heim som for dei som kjem til sjukeheimen for å eta. For 2009 er stasane kr. 63,- for middag og kr. 27,- for frukost/kvelds

Prisane på levering av mat varierer frå kommune til kommune. Som eksempel kan nemnast at ein av nabokommunane for 2009 har fastsett prisen for middag til kr. 74,-

Dersom satsane kommunen sine satsar 2010 vert auka med 20% vert ny pris i Leikanger kr. 75 for middag og kr. 32 for frukost/kvelds.

Som eit bidrag til å nå innsparingskrava for 2010, gjer rådmann framlegg om at prisane vert auka med 20%

**6. Regulering av satsane i heimebasert omsorg.**

Kommunen kan etter nærare reglar krevja vederlag for tenester etter Lov om sosiale tenester § 4-2 bokstav a.

Rådmann tilrår framhald av ordninga med å nytte abonnementsprinsippet der ein graderer eigenbetalinga etter inntekt. Etter gjeldande forskrift kan kommunen sjølv fastsetja storleiken på eigenbetalinga. Det er likevel slik at satsane ikkje må overstige kommunen sine egne utgifter med ordninga. Det er vidare fastsett i forskrifta at brukarar av desse tenestene med inntekter inntil 2G ikkje skal betale meir enn kr.155,- per måned. 2G utgjer etter 01.05.09 kr. 145.762,-

Vederlag for heimebaserte tenester som kjem inn under Lov om sosiale tenester § 4-2a vart for 2009 fastsett til:

Inntil 2G	Kr 150,- i abonnement	kr 30,- pr. time t.o.m. 5t/mnd.
2G-3G	Kr 657,- ”	kr 73,- ” 9 t / mnd.
3G-4G	Kr 1.125,- ”	kr 125,- ”
4G-5G	Kr 1.494,- ”	kr 166,- ”
5G-6G	Kr 1.683,- ”	kr 187,- ”
Over 6G	Kr 1.872,- ”	kr 208,- ”

For vaktmeistertenester som ikkje vert omfatta av forskrifta om eigenbetaling aukar vederlaget kr 100,- pr. time til kr. 104,-

For 2010 gjer rådmann framlegg om at satsane vert auka med 10% med unnatak for dei med inntekt inntil 2G. Her vert abonnementsprisen sett til kr. 155 for 5 timar/mnd og meir. Timeprisen for færre timar vert auka frå 30 til 38.

Inntil 2G	Kr 155,- i abonnement	kr 38,- pr. time t.o.m. 4t/mnd.
2G-3G	Kr 720,- ”	kr 80,- ” 9 t / mnd.
3G-4G	Kr 1.233,- ”	kr 137,- ”
4G-5G	Kr 1.638,- ”	kr 182,- ”
5G-6G	Kr 1.845,- ”	kr 205,- ”
Over 6G	Kr 2.052,- ”	kr 228,- ”

For vaktmeistertenester som ikkje vert omfatta av forskrifta om eigenbetaling aukar vederlaget frå kr 104,- per. time til kr. 120,-

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### REGULERING AV HUSLEIGENE I KOMMUNALE BUSTADER

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 09/623

Arkiv: 231 L7 &52

Sak nr.:	Utval	Møtedato
132/09	Formannskapet	01.12.2009
57/09	Kommunestyret	15.12.2009

**Formannskapet sitt VEDTAK lyder slik, samr:**

**Husleiga i dei kommunale utleigebustadene vert auka med 10 % frå 01.01.2010.**

Gjertrudbakken 2A,2B,4A,4B	kr 3 600,00
Hovdavegen 7,9,11	kr 3 179,00
Hovdavegen 13,15,19,21	kr 4 832,00
Hovdavegen 17,23,25,27	kr 5 190,00

**Kommunale årsgebyr kjem i tillegg.**

**Gjennomføringa husleigeauken skal skje i samsvar med Kap. 4 i Husleigelova.**

#### **TILRÅDING:**

**Husleiga i dei kommunale utleigebustadene vert auka med 10 % frå 01.01.2010.**

Gjertrudbakken 2A,2B,4A,4B	kr 3 600,00
Hovdavegen 7,9,11	kr 3 179,00
Hovdavegen 13,15,19,21	kr 4 832,00
Hovdavegen 17,23,25,27	kr 5 190,00

**Kommunale årsgebyr kjem i tillegg.**

**Gjennomføringa husleigeauken skal skje i samsvar med Kap. 4 i Husleigelova.**

#### **DOKUMENT:**

- Budsjetframlegg for 2010

**SAKSUTGREIING:**

Budsjettet for 2010 har framlegg om 10 % auke i husleigene i dei kommunale bustadene.

Auken i husleigene har si årsak i den generelle lønns- og prisstigninga på og ein tilpassing til prisnivået i den private utleigemarknaden.

Kap.4 i Husleigelova om leigeprisvern fastset korleis husleigeauke kan skje. Vanleg indeksregulering kan skje kvart år med ein månads varsel. Tilpassing til gjengs leige kan skje etter at eit leigeforhold har vart i minst to og eit halvt år og etter 6 månader varsel.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### BETALINGSSATSAR I KULTURSKULEN 2010

---

Sakshandsamar: Roar Sandnes  
Arkivsak nr.: 09/618

---

Arkiv: 231

Sak nr.:	Utval	Møtedato
125/09	Formannskapet	01.12.2009
58/09	Kommunestyret	15.12.2009

**Formannskapet sitt VEDTAK lyder slik, samr:**

**Kulturskulen i Sogn sine elevar i Leikanger betaler kr. 1.600,- pr. semester for individuell undervisning i 2010. Gruppeundervisning kostar kr. 930,- pr. semester. Tilbodet har 25% søskenmoderasjon.**

**Økonomiavdelinga krev inn elevpengane 1. mars og 1.oktober.**

**Frivillige lag og organisasjonar betaler 80% av dei faktiske kostnadene ved kjøp av tenester i 2010.**

#### TILRÅDING:

**Kulturskulen i Sogn sine elevar i Leikanger betaler kr. 1.600,- pr. semester for individuell undervisning i 2010. Gruppeundervisning kostar kr. 930,- pr. semester. Tilbodet har 25% søskenmoderasjon.**

**Økonomiavdelinga krev inn elevpengane 1. mars og 1.oktober.**

**Frivillige lag og organisasjonar betaler 80% av dei faktiske kostnadene ved kjøp av tenester i 2010.**

#### DOKUMENT:

•

#### SAKSUTGREIING:

Kulturskulen i Sogn har elevar frå kommunane Leikanger, Sogndal og Luster. Det er opp til kvar enkelt kommune å bestemma kva tilbodet skal kosta for sine innbyggjarar, jfr samarbeidsavtalen om interkommunal kulturskule. Erfaringa frå tre års drift viser likevel at det forenkler innkrevjinga av elevpengar og eigendelar vesentleg dersom takstane vert samkøyrte mellom kommunane. Sogndal og Leikanger har lege på same nivå dei siste åra, og

det er ikkje planar om auke av elevpengane i Sogndal kommune i 2010. Luster kommune har auka elevpengane frå 1.8.09 til kr. 1000,- pr semester, noko som er eit betydeleg steg i retning av prisnivået i Sogndal og Leikanger. Kulturskulen ynskjer ei gradvis tilnærming av elevpengetakstane slik at me ender opp med **ein** pris på sikt.

Det er difor ikkje lagt opp til auke i elevbetalinga i 2010. Det er teke høgde for dette i budsjettframlegg 2010.

Kjøp av tenester i hovudsak kor og korps som kjøper dirigent gjennom kulturskulen. Kommunen har teke ein del av lønsutgiftene til slike tenester for frivillige lag. I Leikanger har det kommunale tilskotet vore på 20 % dei siste åra, i Sogndal og Luster ligg tilskotet på høvesvis 20 og 25 %. Dette er ein del av kommunen sin støtte til frivillig organisasjonsarbeid. I Leikanger har det ikkje vore gjort skilnad på lag for born og lag med vaksne medlemmer, og kommunen likestiller soleis verdien av slikt lagsarbeid for born og vaksne. Denne ordninga er eit viktig bidrag til kulturlivet i kommunen. Kulturskulen skaffar kompetanse og administrerer avgifter og pensjon til dirigentane i tillegg til å ta ein del av den økonomiske kostnaden.

Utgiftene til kjøp av dirigent stig i takt med lønsutviklinga for musikk- og kulturskulelærarar. Lønsauken har vore relativt stor dei siste åra, og fleire lag har signalisert at dei nærmar seg ei ”smertegrense” for kva dei klarar å finansiera. Det er difor ikkje tilrådeleg å auka eigendelen for kjøp av tenester for frivillige lag og organisasjonar.

Kommunen sin del vert ytt som tilskot frå kulturbudsjettet til kulturskulen, og viser difor ikkje i kulturskulen sitt budsjett.

Bedrifter og offentlege institusjonar bør betala dei faktiske kostnadene ved kjøp av tenester frå kulturskulen.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Foreldrebetaling i barnehagane for 2010.

Sakshandsamar: Gunnar Steine  
Arkivsak nr.: 09/581

Arkiv: 231

**Sak nr.:** Utval  
127/09 Formannskapet  
59/09 Kommunestyret

**Møtedato**  
01.12.2009  
15.12.2009

Formannskapet sitt VEDTAK lyder slik, samr:

For 2010 gjeld fylgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane i Leikanger kommune:

1. Satsane skal vera inntektsavhengige, der grensa mellom låg og høg sats for 2010 er sett til kr. 309.000,- med utgangspunkt i brutto skattbar inntekt ved siste skattelikning hausten 2008.

Satsar for foreldrebetaling frå 01.01.10		
	Høg sats	Låg sats
100% plass	2.330	2.100
60% plass	1.800	1.620
40% plass	1.500	1.350

2. Betalingsfristen er den 15. i månaden, juli er betalingsfri.
3. Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 eller fleire.
4. Betaling for kjøp av einiskildagar vert sett til kr. 250,- per dag
5. Betaling for mat i dei kommunale barnehagane vert fastsett til kr. 300,- per måned for 100% plass og elles justert prosentvis etter opphaldstid.

#### TILRÅDING:

For 2010 gjeld fylgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane i Leikanger kommune:

1. Satsane skal vera inntektsavhengige, der grensa mellom låg og høg sats for 2010 er sett til kr. 309.000,- med utgangspunkt i brutto skattbar inntekt ved siste skattelikning hausten 2008.

Satsar for foreldrebetaling frå 01.01.10		
	Høg sats	Låg sats
100% plass	2.330	2.100
60% plass	1.800	1.620
40% plass	1.500	1.350

2. Betalingsfristen er den 15. i månaden, juli er betalingsfri.
3. Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 eller fleire.
4. Betaling for kjøp av einiskilddagar vert sett til kr. 250,- per dag
5. Betaling for mat i dei kommunale barnehagane vert fastsett til kr. 300,- per måned for 100% plass og elles justert prosentvis etter opphaldstid.

#### DOKUMENT:

- Forskrift om foreldrebetaling
- Gjeldande satsar for foreldrebetaling for 2009

#### SAKSUTGREIING:

For 2009 gjeld fylgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane i Leikanger kommune:

1. *Satsane skal vera inntektsavhengige, der grensa mellom låg og høg sats for 2009 er sett til kr. 300.000,- med utgangspunkt i brutto skattbar inntekt ved siste skattelikning hausten 2007.*

Satsar for foreldrebetaling frå 01.01.09		
	Høg sats	Låg sats
100% plass	2.330	2.100
60% plass	1.800	1.620
40% plass	1.500	1.350

2. *Betalingsfristen er den 15. i månaden, juli er betalingsfri.*
3. *Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 eller fleire.*
4. *Betaling for mat i barnehagane vert fastsett til kr. 220,- per måned for 100% plass og elles justert prosentvis etter opphaldstid.*
5. *Betaling for kjøp av einiskilddagar vert sett til kr. 210,- per dag*

Regjeringa har i framlegget til statsbudsjett for 2010 gjort framlegg om at maksimalprisen for barnehageplass vert uendra frå 2009, kr. 2.330,- per måned for full plass.

Rådmann gjer framlegg om at betaling for kjøp av einiskilddagar vert auka frå kr. 210,- til kr. 250,- per dag frå 01.01.10.

Rådmann gjer vidare framlegg om at betalingsattsane for redusert plass vert uendra frå 2009 til 2010 og at inntaksgrensa mellom høg og låg sats vert auka med 3% til kr. 309.000,-

I fylgje samarbeidsavtalen mellom Askedalen barnehage og Leikanger kommune skal den private barnehagen ha dei same betalingsattsane for opphald i barnehagen som det kommunestyret fastset for dei kommunale barnehagane.

Betalingsattsane for matpengar ved 100% plass er kr. 220,- per månad i 2009. Rådmann gjer framlegg om at betalingsattsane i dei kommunale barnehagane vert auka til kr. 300,- frå 01.01.10.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Foreldrebetaling i skulefritidsordninga for 2010

Sakshandsamar: Gunnar Steine  
Arkivsak nr.: 09/583

Arkiv: 231

**Sak nr.:** Utval  
126/09 Formannskapet  
60/09 Kommunestyret

**Møtedato**  
01.12.2009  
15.12.2009

Formannskapet sitt VEDTAK lyder slik, samr:

Med verknad frå 01.01.2010 vert foreldrebetalinga i skulefritidsordninga slik:

Alternativ	Innhald	Pris
1	5 dagar per veke før og etter skuletid inkl. haustferie, vinterferie og enkle fridagar i skuleruta.	Kr. 1.950,-
2	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.	Kr. 1.150,-

SFO er stengd i juleferien, (veslejulafta, julafta og dagane mellom jul og nyttår), påskeferien (måndag, tysdag og onsdag i påskeveka) og 4 veker i juli måned

For alternativ 1 gjeld betalinga per måned i 11 månader. Juli er betalingsfri måned. For alternativ 2 gjeld betalinga per veke.

Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn, dette gjeld og for alternativ 2.

Det vert lagt fram ny sak for kommunestyret før sommaren om organisering og innhald av skulefritidsordninga frå hausten 2010 tilpassa det som måtte bli vedteke i statsbudsjettet vedk. gratis leksehjelp og utvida timetal i skulen.

#### TILRÅDING:

Med verknad frå 01.01.2010 vert foreldrebetalinga i skulefritidsordninga slik:

Alternativ	Innhald	Pris
1	5 dagar per veke før og etter skuletid inkl. haustferie, vinterferie og enkle fridagar i skuleruta.	Kr. 1.950,-
2	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.	Kr. 1.150,-

SFO er stengd i juleferien, (veslejulafta, julafta og dagane mellom jul og nyttår), påskeferien (måndag, tysdag og onsdag i påskeveka) og 4 veker i juli måned

For alternativ 1 gjeld betalinga per måned i 11 månader. Juli er betalingsfri måned. For alternativ 2 gjeld betalinga per veke.

Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn, dette gjeld og for alternativ 2.

Det vert lagt fram ny sak for kommunestyret før sommaren om organisering og innhald av skulefritidsordninga frå hausten 2010 tilpassa det som måtte bli vedteke i statsbudsjettet vedk. gratis leksehjelp og utvida timetal i skulen.

#### DOKUMENT:

- Gjeldande tilbod og betalingssatsar for 2009.

#### SAKSUTGREIING:

Skulefritidsordninga gjev hausten 2009 tilbod til 72 ungar.

I 2009 har skulefritidsordninga desse opningstidene:

SFO morgon	Timar	SFO etter skuletid	Timar	Sum timar
07.30 – 09.00	01.30	13.30 – 16.30	03.00	04.30
07.30 – 09.00	01.30	13.30 – 16.30	03.00	04.30
07.30 – 09.00	01.30	12.45 – 16.30	03.45	05.15
07.30 – 09.00	01.30	14.00 – 16.30	02.30	04.00
07.30 – 09.00	01.30	13.30 – 16.30	03.00	04.30
Sum timar SFO vil vera open per veke				22.45

Frå 01.01.09 vart betalingssatsane auka med 32% Satsane vart etter dette slik for 2009:

Alternativ	Innhald	Pris
A	5 dagar per veke før og etter skuletid utan feriar	Kr. 1.650,-
B	5 dagar per veke før og etter skuletid inkludert feriar og fridagar minus skulen sin sommarferie	Kr. 1.914,-
C	Berre onsdagar	Kr. 792,-
D	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.	Kr. 1.093,-

For alternativ A, B og C gjeld betalinga per måned i 11 månader. Juli er betalingsfri måned.

For alternativ D gjeld betalinga per veke

Det er høve til kjøp av inntil 2 enkeltdagar per måned utanom feriane. Pris per dag kr. 237,-  
Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn, dette gjeld og for alternativ D.

#### Vurdering:

Frå hausten 2010 vil venteleg to tilhøve påverka skulefritidsordninga. Dette gjeld tilbod om 8 timar gratis leksehjelp fordelt på 1-4 trinn, og det at undervisningstimetalet i skulen skal utvidast med 1 time per veke fordelt på 1-7 trinn.

Rådmann ser det som naturleg at ein kjem tilbake til kommunestyret med ei eiga sak før sommarferien om korleis dette skal løysast frå hausten 2010.

Rådmann vil uavhengig av dei justeringane som vil måtta koma frå hausten 2010, tilrå at ein reduserer talet på alternative tilbod i SFO til eitt standard tilbod, men med høve til å kjøpa enkeltveker i skulen sin sommarferie.

Hausten 2009 nyttar 72 ungar seg av alternativ A eller B. Berre 2 nyttar alternativ C. Talet på ungar som nyttar alternativ D varierer frå veke til veke, men har lege på frå 5 til 11. Svært få ungar har nytta tilbodet i jule- og påskeferien.

Rådmann vil ut frå dette tilrå at det ved SFO vert gjeve fylgjande tilbod frå 01.01.2010.

Alternativ	Innhald
1	5 dagar per veke før og etter skuletid inkl. haustferie, vinterferie og enkle fridagar i skuleruta.
2	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.

SFO er stengd i juleferien, (veslejulafta, julafta og dagane mellom jul og nyttår), påskeferien (måndag, tysdag og onsdag i påskeveka) og 4 veker i juli måned

Når det gjeld foreldrebetalinga i SFO, er det vanskeleg å nøyaktig samanlikna prisane kommunane imellom avdi innhald og timetal kan variera frå kommune til kommune. Me må likevel kunne slå fast at Leikanger kommune framleis har ei rimeleg skulefritidsordning. Rådmann vil difor tilrå at foreldrebetalinga vert tilpassa det nye tilbodet og heva noko. Årstimetalet i det nye alternativ 1 vert noko mindre enn tidlegare alternativ B og det må takast omsyn til ved fastsetjinga av prisen. Samtidig må kommunen ta høgde for at inntektene vil kunne verta redusert frå hausten som fylgje av at dei timane i SFO som utgjer leksehjelp, skal vera gratis.

For å betra budsjettbalansen tilrår rådmann at prisen på alternativ 1 frå 01.01.2010 vert sett til kr. 1.950,- per måned og kr. 1.150 per veke for alternativ 2.

Etter dette vert tilbod og prisar for skulefritidsorninga frå 01.01.2010 slik:

Alternativ	Innhald	Pris
1	5 dagar per veke før og etter skuletid inkl. haustferie, vinterferie og enkle fridagar i skuleruta.	Kr. 1.950,-
2	Kjøp av enkeltveker i skulen sin sommarferie minus 4 veker i juli som SFO er stengd.	Kr. 1.150,-

SFO er stengd i juleferien, (veslejulafta, julafta og dagane mellom jul og nyttår), påskeferien (måndag, tysdag og onsdag i påskeveka) og 4 veker i juli måned

For alternativ 1 gjeld betalinga per måned i 11 månader. Juli er betalingsfri måned.

For alternativ 2 gjeld betalinga per veke.

Det vert gjeve 30% søskenmoderasjon for 2. barn og 50% moderasjon for 3. eller fleire barn, dette gjeld og for alternativ 2.

Det vert lagt fram ny sak for kommunestyret før sommaren om organisering og innhald av skulefritidsordninga frå hausten 2010 tilpassa det som måtte bli vedteke i statsbudsjettet vedk. gratis leksehjelp og utvida timetal i skulen. Ein må då også vurdera foreldrebetalinga på nytt.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### REGULERING AV ÅRSGEBYRET FOR VATN

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 09/619

---

Arkiv: 231 M1

Sak nr.:	Utval	Møtedato
129/09	Formannskapet	01.12.2009
61/09	Kommunestyret	15.12.2009

**Formannskapet sitt VEDTAK lyder slik, samr:**

**Årsgebyret for vatn vert auka med 15 % frå 01.01.2010.  
Abonnementsgebyret for normal sats vert kr. 1.500,-. Forbruksgebyret vert kr. 12,40 pr. m<sup>3</sup>.**

**Adminstrasjonsgebyret for vassmålarar vert auka frå kr.40,- til kr.75,-.**

**Mva. kjem i tillegg.**

#### **TILRÅDING:**

**Årsgebyret for vatn vert auka med 15 % frå 01.01.2010.  
Abonnementsgebyret for normal sats vert kr. 1.500,-. Forbruksgebyret vert kr. 12,40 pr. m<sup>3</sup>.**

**Adminstrasjonsgebyret for vassmålarar vert auka frå kr.40,- til kr.75,-.**

**Mva. kjem i tillegg.**

#### **DOKUMENT:**

- Budsjetframlegg for 2010

#### **SAKSUTGREIING:**

Inntektene til vassforsyninga er tilknytingsgebyr og årsgebyr. Tilknytingsgebyra kjem i hovudsak i samband med nybygg og utgjør berre 1-2 % av dei årlege inntektene.

Dei samla inntektene skal dekke 100 % av utgiftene.

Årsgebyret for vatn er sett saman av to deler: Abonnentsgebyr og forbruksgebyr. Abonnementsgebyret er den faste delen, medan forbruksgebyret er den variable delen. Forbruket vert for næringsbygg målt ved vassmålar, medan det for mest alle bustadhus vert fasett ut i frå areal. For eit bustadhus med bruksareal mellom 100 og 250m<sup>2</sup> er årsgebyret for vatn i 2009 kr.3.431,-, eks.mva.

I 2008 hadde ansvarsområdet vassforsyning eit underskot på kr.673.775,-. Dette skal inndeckast i løpet av 3 år.

Årsgebyret for vatn vart sist regulert i 2009. Gebyret vart då auka med 12 %. Administrasjonsgebyret for vassmålarar har ikkje vore auka sidan ordninga vart innført i 2004. Det skal dekkja arbeidet med innhenting og registrering av målaravlesingane.

Den eine delen av gebyrauken er løns- og prisauke og auka driftsutgifter for reinseanlegget. Den andre delen er auka avskrivningar ved investeringane i oppgradering av reinseanlegget og tiltak for å redusera lekkasjane. I tillegg kjem investeringane knytt til leidningsanlegget i sentrum knytt til Saftenutbygginga. Oppgradering av reinseanlegget med nytt UV-anlegg og leidningsanlegget i sentrum vert ferdigstilt i 2009 og såleis aktivert i sjølvkostrekneskapen frå 2010.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### REGULERING AV ÅRSGEBYRET FOR FEIING OG TILSYN

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 09/620

Arkiv: 231 M88

---

Sak nr.:	Utval	Møtedato
131/09	Formannskapet	01.12.2009
62/09	Kommunestyret	15.12.2009

**Formannskapet sitt VEDTAK lyder slik, samr:**

**Årsgebyret for feiing og tilsyn vert auka med 22 % frå 01.01.2010.  
Årsgebyret vert kr.235,- og dekkar feiing av 1 pipe kvart 2.år og tilsyn med piper og fyringsanlegg kvart 4.år.**

**Tillegg pr.ekstra pipe på same bygning kr.125,-.**

**Mva. kjem i tillegg.**

**TILRÅDING:**

**Årsgebyret for feiing og tilsyn vert auka med 22 % frå 01.01.2010.  
Årsgebyret vert kr.235,- og dekkar feiing av 1 pipe kvart 2.år og tilsyn med piper og fyringsanlegg kvart 4.år.**

**Tillegg pr.ekstra pipe på same bygning kr.125,-.**

**Mva. kjem i tillegg.**

**DOKUMENT:**

- Budsjetframlegg 2010

**SAKSUTGREIING:**

Brannvernlova pålegg kommunane å syta for ar det vert halde register over og utført feiing og tilsyn med fyringsanlegg i alle bygg som vert nytta til heilårsbustad.

Leikanger kommune kjøper tenestene frå Luster kommune og må fylgja deira prising av tenestene.

Årsgebyret vart sist regulert i 2007.

I 2008 hadde ansvarsområdet feiing og tilsyn eit underskot på kr.55.380,-. Dette skal inndekkast i løpet av tre år.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### REGULERING AV ÅRSGEBYRET FOR RENOVASJON

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 09/622

---

Arkiv: 231 M5

Sak nr.:	Utval	Møtedato
130/09	Formannskapet	01.12.2009
63/09	Kommunestyret	15.12.2009

**Formannskapet sitt VEDTAK lyder slik, samr:**

**Årsgebyret for renovasjon vert auka med 12% frå 01.01.2010. Nytt gebyr for standardabonnement vert kr. 2652,-.**

**Mva. kjem i tillegg.**

**TILRÅDING:**

**Årsgebyret for renovasjon vert auka med 12% frå 01.01.2010. Nytt gebyr for standardabonnement vert kr. 2652,-.**

**Mva. kjem i tillegg.**

**DOKUMENT:**

- Budsjetframlegg 2010
- Vedtekne gebyr i SIMAS

**SAKSUTGREIING:**

Representantskapen i SIMAS har i budsjettframlegget for 2010 vedteke ein auke i årsgebyret for renovasjon på 4 % og ingen auke for slamtømming.

Med ein auke på 4% vil SIMAS sitt standardabonnement auka frå kr. 2363,- til kr.2458,-

I tillegg til kostnadene med kjøp av tenestene frå SIMAS har Leikanger kommune ei årleg utgift på 225.000 kr til prøvetaking, avskrivningar og kalkulatoriske renter på investeringar i den tidlegare avfallsplassen på Kvålen. Dette gjer at Leikanger kommune må auka gebyret med 8 % meir enn SIMAS sin auke.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Økonomiplan 2010 - 2013

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge  
Arkivsak nr.: 09/526

Arkiv: 151

Sak nr.:	Utval	Møtedato
124/09	Formannskapet	01.12.2009
64/09	Kommunestyret	15.12.2009

**Formannskapet sitt VEDTAK lyder slik, samr:**

**Drift**

**Kulturmidlane vert teken inn med årleg sum 60.000 kr.**

**Tilskot til Leikanger næringshage vert teken inn med årleg sum på 50.000 kr.**

**Tilskot til Sogn folkemuseum vert teken inn med årleg sum på 60.000 kr.**

**Dekning med årleg auke i inntekta på eigedomsskatten på 170.000 kr.**

**Investeringar**

**Det vert lagt inn 200.000 kr i investering i 2010 til fast dekke i Holevegen.**

**TILRÅDING:**

- Kommunestyret vedtek Budsjett 2010 og Økonomiplan 2010 – 2013 for Leikanger kommune i samsvar med formannskapet sitt framlegg i sak 124/09 i møte 01.12.2009.
- Skatt til kommunen blir fastsett i samsvar med høgste lovlege sats.
- I samsvar med §11 vert eigedomsskatten fastsett til 7 promille. Vidare har ein i medhold av §12 a, fastsett ulik promille for ”bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige budstaddeler”. Denne satsen vert sett til 3 promille. Det vert teke atterhald om at promillen kan bli justert våren 2010.
- Budsjett 2010 vert med desse endringane vedteke på netto rammer med ei saldering mot disposisjonsfond på kr. 361.000,-.
- Balanse i 2010 - 2013 blir dekkja ved bruk av disposisjonsfond med til saman kr 361.000,- i 2010, for resten av perioden er det dekning for alle kostnader utan bruk av fond. Totalt for perioden overføring til fond på kr. 5.984.000,-.

## DOKUMENT:

- Økonomiplan 2010-2013 - Årsbudsjett 2010. Vedlagt
- Budsjett 2009 (ikkje vedlagt).
- KRD – Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2010. ”Grønt hefte”, (ikkje vedlagt).
- KS. Analyse av ressursbruken i kommunen (ikkje vedlagt).
- Leikanger kommune. Tenesteanalyse 2009-2010 (ikkje vedlagt).
- Kontrollutvalet: Framlegg til budsjett for kontrollutvalet. Vedlagt.
- Innkomne uttale til budsjettframlegget for 2010. (Eige vedlegg)

## SAKSUTGREIING:

### Innleiing:

Budsjett 2010 og økonomiplan 2010-2013 byggjer på budsjett 2009 (inkl. endring), samt resultatet av tenesteanalysen /OU-prosessen som har vore gjennomført ute i einingane.

Eit overordna innsparingskrav for 2010, rekna ut frå budsjett.2009 (inkl. endr), er sett til 10mill kroner fordelt over to år, 6 mill i 2010 og ytterlegare 4 mill i 2011.

Frå forslag til statsbudsjett for 2010 er det for Leikanger kommune lagt opp til ein nominell vekst på 3,9%, dvs ein vekst i kroner på ca 3 mill, då korrigert for endring i oppgåver. I gjennomsnitt for alle kommunar i Sogn og Fjordane er det lagt opp til ein nominell vekst på 4,1%.

Prisvekst (deflator) på kommunale ytingar er berekna til 3,1%, dvs at for Leikanger kommune er det berekna ein reell vekst på 0,8%.

Innsparingskrava /krav om auka inntekter, har framkome etter ein analyse utført av KS, der ein innleiingsvis kan konkludere med at Leikanger kommune dei 4 siste åra har hatt eit negativt brutto driftsresultat (meir-/mindreforbruk før ein tek omsyn til finansinntekter og finansutgifter).

For å få eit positivt netto driftsresultat, er det budsjettert med bruk av avkastning frå kraftfondet, på ca 4,5 mill kvart år. I tillegg er det og budsjettert med bruk av disposisjonsfond.

For 2009 er det budsjettert med bruk av avkastning frå kraftfondet på 4,5 mill kroner . I tillegg er det budsjettert med bruk av disposisjonsfond på kr. 5,8mill. Dvs at for 2009 er det budsjettert med 10,33 mill over det løpande inntekter tilseier.

Med eit slikt utgangspunkt, er det innlysande at ein må søke å redusere driftskostnadene i kommunen.

### **Innsparingskrav og tiltak i 2010**

Innsparingskrava er fordelt ut på div. område etter denne modellen:

	Innsparingskrav		Tiltak 2010	Avvik
	År 2010	År 2011		
Politiske organ / sentraladm	167 000	111 000	280 000	-113 000
Grunnskule	1 432 000	957 000	1 545 000	-113 000
Kulturskule	63 000	42 000	63 000	0
Vaksenoppl.	12 000	8 000	12 000	0
Barnehage	790 000	527 000	638 000	152 000
Helse	245 000	164 000	145 000	100 000
NAV, barnev. Psyk.helse	341 000	227 000	341 000	0
Pleie og omsorg	1 547 000	1 031 000	1 547 000	0
Kyrkje og kultur	480 000	320 000	300 000	180 000
Teknisk	923 000	613 000	1 040 000	-117 000
	6 000 000	4 000 000	5 911 000	89 000

Samla krav for 2010 er på 6 mill og arbeidsgruppene har levert innsparingstiltak / auka inntekter på 5,9 mill. Krav og tiltak er med det så godt som samanfallande.

### Budsjett 2010

Tiltaka er vidare innarbeida i detaljbudsjettet for 2010.

Vidare har ein lagt inn løn i samsvar med oppdaterte stillingsplanar for dei enkelte ansvarsområda.

Det er berekna KLP med 15,7% og SPK med 11,2%.

Rammeområde	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Endring 2009-2010
Sentrale folkevalde organ og revisjon	1 962 000	2 007 000	45 000
Sentraladministrasjon og styring	4 309 000	5 353 000	1 044 000
Fellestenester	2 515 800	2 576 000	60 200
Undervisning	21 153 000	19 990 000	-1 163 000
Barnehage	2 057 000	1 408 000	-649 000
Helsetenester	4 353 200	4 505 000	151 800
Sosial og barnevern, psykiatri	7 329 000	8 058 000	729 000
Pleie og omsorg	26 432 000	24 287 000	-2 145 000
Kultur og bibliotek	1 995 000	1 795 000	-200 000
Kulturskolen i Sogn	917 000	855 000	-62 000
Byggeforvaltning	6 848 000	6 830 000	-18 000
Vegar	1 502 000	1 549 000	47 000
Brannvern	913 000	1 074 000	161 000
Vatn, avløp og Renovasjon (VAR)	0	0	0
Miljø, areal og næring	1 510 000	1 042 000	-468 000
Livssyn	1 434 000	1 440 000	6 000
Lønsreserve	129 000	3 000 000	2 871 000
Frie inntekter	-84 966 000	-90 906 000	-5 940 000
Finansinntekter og utgifter	-393 000	5 137 000	5 530 000
	0	0	

Tabellen er oppdatert med avkastning samt balansert mot fond. Auka rentekostnad pga investering er ikkje innrekna.

For å få budsjettet i balanse utan saldering med fond og avkastning, er det gjennomført ein større tenestaanalyse der ein ser på den totale ressursbruken i kommunen. Dette er -og har vore- ein krevjande prosess. Ein ser etter kvart at enkelte tiltak kan vera av ein slik karakter at ein må ta høgde for at det vil gå noko tid før ein får gjennomført skisserte tiltak. Det kan og vera at enkelte tiltak ikkje let seg gjennomføre slik dei er skissert.

Gjennomfører ein tiltaka slik det er planlagt, skal Leikanger kommune etter ein omstillingsperiode på to år, kunne leggje fram eit budsjett der det er samsvar mellom inntekter og kostnader.

Pga ulik inndeling / gruppering av kostnadsområda, kan det vere noko vanskeleg å samanlikne innsparingskrava direkte mot forslag til budsjett frå tenesteleiarane.

Dei vesentlegaste reduksjonane kjem der kostnadene er størst: innafor skule, barnehage, pleie og omsorg samt områda som vert styrt frå det lokale NAV-kontoret (sosial, barnevern, psykiatri samt diverse tilretteleggingsarbeid for nyttilflytta flyktnigar). Innafor desse område er det lagt fram budsjett som inkluderer innsparingstiltak/auka inntekter som langt på veg er i tråd med skisserte krav.

Totalt er det her innarbeida reduksjonar på ca 4,5 mill kroner.

Før ein kan samanlikne krav mot framlagde tiltak/budsjett, må ein og ta meg seg at det i tillegg også er andre ytre forhold som påverkar budsjettnivået:

1. På område for sentraladm. og politisk leing er det f.eks. ein budsjettpost for premieavvik, skilnad mellom betalt pensj.premie og kostnad. I 2009 vart det budsjettert med ei inntekt på 2,2 mill kroner. På grunnlag av framlagde aktuarberekningar frå KLP, er premieavviket for 2010 berekna til 1,2 mill kroner. Ein inntektsreduksjon på kr.925.000,-.
2. Nedgang i forsikringspremie på bygningar samt ulykkesforsikring/gruppeliv er ikkje fullt ut innarbeida i budsjettet.
3. NAV har pga mottak av flyktingar fått ein vesentleg auke i sine kostnader. Desse vert fullt ut dekkja med statleg integreringstilskot på kr.1.440.000,-.
4. Nivå på lønsreserven. Lønsauken i kommunal sektor er for 2010 berekna til 3,5%. Til våren er det hovudoppgjer, og kommunane er difor oppmoda om å budsjettere med 3,5% som minimum i lønsreserve.  
Har difor berekna Leikanger kommune sin lønsreserve med 4,5%, 8 mnd, til kr.2,7 mill kroner. Då dette er ein usikker sum, vert beløpet runda opp til 3 mill. kroner.
5. Rentenivå. Vurdert ut frå prognose frå Pareto, 3,75% + auke i st.renta, 4%. Lån og rentekompensasjon frå Husbanken vert rekna i samsvar med rentenivå i Husbanken.
6. Det er rekna inn avkastning på fondsmidlar med ca.3,5%.
7. Utrekning av kommunalt tilskot til privat barnehage. Pga store endringar i barnehagestrukturen i kommunen, har ein enno ikkje eit heilt års grunnlag for utrekning av dette tilskotet.
8. Eigedomsskatten er auka med 1,5 mill, frå 2,5 mill til 4 mill kroner.  
Då det i 2010 er fyrste året etter omtaksering og med nye vedtekter, vert det lagt fram eiga sak til formannskapet 15.12.09 og vidare til kommunestyret same dag.

**Andre inkomne saker**1. Forslag til budsjett frå kontrollutvalet i Leikanger kommune:

Område	2010
Kontrollutvalet	32 000
Sekretariatet	134 600
Finansiell revisjon	Avventar SF Revisjon sitt representantskap
Kjøp av forvaltningsrevisjon	175 000
Kjøp av selskapskontroll	25 000
Totalt	366 600 + finansiell revisjon jfr nedanfor

For finansiell revisjon vil kontrollutvalet tilrå at kommunen arbeider inn i sitt budsjett den budsjettposten som blir vedteken av styret og representantskapet i SF revisjon IKS i samsvar med selskapsavtalen.

Dei øvrige budsjettpostane vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett

2. Søknad om kommunetilskot frå Norsk Landbruksrådgiving.**Summen for Leikanger kommune vert utrekna slik:**

Grunntilskot	kr. 5.000,-
Tilskot til økologisk landbruk v/Økoringen Vest	kr. 4.000,-
Tilskot der ringleiaren bur (kr. 7.500,- pr. stilling)	
2 Stillingar:	kr.15.000,-
28 medlemar a kr. 250,-	kr. 7.000,-
144 bruk over 5 daa a kr. 20,-	kr. 2.880,-
	<b><u>SUM</u> kr.33.880,-</b>

3. Kommentar til budsjetttramme for Leikanger Sokneråd.

Sokneråd har utarbeida eit budsjett som inneheld kr. 1.166.000,- i driftstilskot frå kommunen.

I 2009 er det ytt driftstilskot med kr.1.017.000,-. ( Skal i tillegg ha kompensasjon for lønsoppgeret i 2009)

Auka driftstilskot er ikkje innarbeida i budsjettforslaget for 2010.

4. Syril – søknad om tilskot stort kr 300.000 til bygging av garasje for trakkemaskin på Kleppa.

Ligg ikkje i budsjettgrunnlaget.

5. Leikanger Skyttarlag - søknad om tilskot stort kr. 65.000,-.

Skyttarlaget investerte i 2006 i elektroniske skiver på 100m-bana på Eivaldgerde. Total investeringssum kr. 195.090,-.

Ligg ikkje i budsjettgrunnlaget

Investeringar:

Ansvar	Prosjekt/tiltak	Totalt	2010	2011	2012	2013
01132	Dataprogram økonomi	500 000		500 000		
03411	Sedimenteringsbasseng- opprusting VAR	250 000	250 000			
03412	Vassleidning - Holevegen VAR	1 000 000			500 000	500 000
03422	Avløpsleidning - Holevegn VAR	700 000			500 000	200 000
03614/03525	Holevegen - opprusting med gangveg og parkering	3 000 000			1 500 000	1 500 000
3525	Nybø barnehage - opprusting	3 500 000	2 000 000	1 500 000		
03711	Sentrums plass - Hermansverk	3 500 000	3 500 000			
03722	Kunstgrasbane- kommunal del	1 000 000	1 000 000			
03812	Brannbil	450 000	450 000			
	<b>Samla</b>	<b>13 400 000</b>	<b>7 200 000</b>	<b>1 500 000</b>	<b>2 500 000</b>	<b>2 200 000</b>

**I tillegg må eigenkapitalinnskott i KLP finansierast med om lag kr 200.000.  
(Kan ikkje lånefinansierast).**

Rentekostnad med nye investering er vist i driftsoversikten datert 25.11.09.

#### **Innkome kommentarar etter høyring:**

Det har kome inn kommentarar til budsjettet frå:

FAU ved Leikanger barneskule

Samarbeidsutvalet ved Leikanger Barneskule

Barnehagane i Leikanger kommune

Fagforbundet av 547

Syrl

Samarbeidsutvalet ved Leikanger Ungdomsskule

Rådet for eldre og uføre

Leikanger Ungdomsråd

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Orienteringar

---

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad  
Arkivsak nr.: 09/664

---

Arkiv:

**Sak nr.:** Utval  
65/09 Kommunestyret

**Møtedato**  
15.12.2009

### TEMA:

- 1. Kontrollutvalet – utskrift av møtebok frå møte 16.11.2009 (vedl)**